



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	28.01.2016
Tid:	16:30 – 20:40

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Rakel Anett Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Thor-Sigmund Garvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Bjørn Otterlei	MEDL	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Camilla Storøy	NESTL	KRF
Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Runar Stave	MEDL	AP
Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	MEDL	KRF
Margaret Leinebø	MEDL	H
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK

--	--	--

Varamedlemer som møte:

Silje Oksholen Gjelseth	Olaug Andreassen	AP
Arne Ringstad	Runar Stave	AP
Birgitte Sævik Pedersen	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Mona Grethe Ryssevik	Camilla Storøy	KRF
John Terje Berg Nerem	Edel Kvalsund Goksøyr	KRF
Jan Arve Drabløs	Bjørn Otterlei	H
Knut Tandberg	Sigurd Voldsund Nygard	H
Oddmund Voldsund	Margaret Leinebø	H
Terje Krogset	Marthe Vågsholm Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Dag Kåre Nærø	FRP
Per Ola Kleppe	Frank Roy Moltu	FOLK

Andre:

Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg

Møtet vart annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Det møte 22 faste og 11 vara, fulltallig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Ann-Kathrin (Tine) Storøy og Jens Terje Johnsen

Til settevaraordførar vert vald Ole Brubakk (KrF)

Grunngitt spørsmål frå Kjell Runde og svar frå leiar i avdeling for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen - Legesituasjonen i Herøy

Grunngitt spørsmål frå Bjarne Kvalsvik og svar frå ordførar Arnulf Goksøyr - Ledige husvære i Herøy kommune

Spørsmål frå Per Kristian Furø og svar frå ordførar Arnulf Goksøyr - Udjuping og fylling av deponimasse indre hamn Fosnavåg

Skriv delt ut i møte:

VN-sak 3/16
VN-sak 4/16
VN-sak 5/16
KO-sak 4/16
KO-sak 5/16

Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Arnulf Goksøyr

Jens Terje Johnsen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 2/16	Protokoll frå førre møte.
PS 3/16	Delegerte saker
PS 4/16	Referatsaker
PS 5/16	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs delar av FV 10 Moltustranda
PS 6/16	Interkommunalt planarbeid for kystsona - val av medlem til arbeids- og koordineringsgruppa
PS 7/16	Kommunereform 2016 - retningsval
PS 8/16	Folkerøysting om kommunereform
PS 9/16	Ekstra busetting av flyktningar i 2016 og 2017
PS 10/16	Gnr. 53 bnr. 1 Eigar: Geir og Marianne Tjervåg - elveforbygging i Tjørvågelva - vedtak distriktsdel til NVE
PS 11/16	Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhalsverk IKS - godkjenning
PS 12/16	Val av avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging - prinsippvedtak
PS 13/16	Bulystprosjektet. Sluttrapport.
PS 14/16	Vedtekter for kommunale barnehagar. Forslag om endringar.
PS 15/16	Orientering om tilsyn etter barnehagelova i private barnehagar
PS 16/16	Val til forstandarskapet i Sparebank 1 Søre Sunnmøre 2015-2019
PS 17/16	Val av leiar og nestleiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 1/16 Øystein Skogstad 45/42 - Løyve til oppføring av tilbygg
- DS 2/16 Inger Marie Krogstad og Tommy Sollibakke 26/229 - Løyve til oppføring av einebustad og garasje
- DS 3/16 Mellombels bruksløyve 45/162 seksjon nr B
- DS 4/16 Ferdigattest garasje/tilbygg - 82/5
- DS 5/16 Mørebygg as - 4/288 - tomt B1 hus B - 2 mannbustad med carport
- DS 6/16 Mellombels bruksløyve - 4/293
- DS 7/16 Sal av tomt 56/54 i Storeneset
- DS 8/16 Ferdigattest - 38/100 mfl
- DS 9/16 Mellombels bruksløyve - 31/188 seksjon nr 8
- DS 10/16 Ferdigattest - garasjebygg 19/54
- DS 11/16 Mellombels bruksløyve 45/163 seksjon nr 1
- DS 12/16 Ferdigattest - 45/167
- DS 13/16 Arve Kvalsvik - 31/28 - Tilbygg
- DS 14/16 Herøy kommune - 38/100 m fl - Endring av tidlegare gitt løyve/bruksendring
- DS 15/16 Ferdigattest tilbygg 34/284 seksjon nr 1
- DS 16/16 Mørebygg as - 4/288 - tomt B1 hus A - 2 mannbustad med carportar
- DS 17/16 Ferdigattest 60/375
- DS 18/16 Rita Sævik - 22/76 - IG grunn, betong og tømrerarbeid
- DS 19/16 Herøy kommune 38/19 - Ferdigattest
- DS 20/16 Lillenes 62/4 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 21/16 Per Ronald Knutsen 26/128 - Ferdigattest
- DS 22/16 Gnr 34 Bnr 165 m. fleire - Frådeling av utbyggingsområde
- DS 23/16 Harald Sævik 11/3 - Løyve til sikring og utfylling av sjøeigedom
- DS 24/16 Rune Herskedal 4/253 seksjon nr 1 - Løyve til oppføring av tilbygg
- DS 25/16 Gnr 38/2 og 259 - Frådeling av næringsområde

- DS 26/16 Gnr 62 Bnr 3 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 45
- DS 27/16 Ferdigattest - tilbygg - 26/40
- DS 28/16 Jarle Berge og Vidar Flusund - 29/ 12 og 353 - Dobbelsnaust
- DS 29/16 Reidar Blankholm 27/1 - Endringsløyve
- DS 30/16 Leon Nerland 7/50 - Ferdigattest
- DS 31/16 Christina og Leif Ove Vorren 45/168 - Mellombels bruksløyve
- DS 32/16 Mellombels bruksløyve - tilbygg 48/9
- DS 33/16 Ferdigattest - 56/44
- DS 34/16 Gnr 62 Bnr 26 - Frådeling av naustomtråde
- DS 35/16 Mellombels bruksløyve - 11/155
- DS 36/16 Tømrer Prosjekt as - 34/166 m fl - 3 stk rekkehus med tilsaman 12 leilegheiter
- DS 37/16 Skotholmen as - 11/162 - Igangsettingsløyve byggearbeid
- DS 38/16 Eilert Geir Kvalsvik 8/18 - Løyve til rehabilitering av skorstein

Referatsaker

- RS 1/16 Har kommunen tilstrekkeleg tilbod om sjukeheimplassar i forhold til lovkrav?
- RS 2/16 Måløy-Vigra med 2 timars båttur.
- RS 3/16 K-sak 183/15. Søknad om fritak frå politisk verv - Geir M. Lande - Suppleringsval
- RS 4/16 AMU-sak 21/15. Særutskrift - Handlingsplan inkluderande arbeidsliv (IA)
- RS 5/16 K-sak 184/15. Søknad om fritak frå politisk verv - Ecaterina Rasheed - Suppleringsval

PS 1/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 2/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 3/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 4/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 5/16 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELAR AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Møtebehandling:

Ap v/Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 3:

«3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det inngå å finne alternative parkeringsløyisingar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen»

Planleggar frå Utviklingsavdelinga Aleksander Zahl Tarberg orienterte

Det vart røysta over punkt 3.

Framlegget frå Ap om endring i punkt 3 fekk 15 røyster og fall mot 18 røyster, som røysta for formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisktlinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegner.
- Det blir innarbeidd frisktlinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 6/16 INTERKOMMUNALT PLANARBEID FOR KYSTSONA - VAL AV MEDLEM TIL ARBEIDS- OG KOORDINERINGSGRUPPA

Møtebehandling:

VN-sak 3/16 vart delt ut i møtet.

Idar Tarberg (H) kom med slikt felles framlegg frå H, Krf og Frp:

Medlem: Stig Arne H. Sævik

Varamedlem: Knut Johan Voldsund

Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt felles framlegg frå V og Ap:

Medlem: Svein Gjelseth
Varamedlem: Stig Arne H. Sævik

Det vart røysta over dei to framlegga.
Felles framlegg frå V og Ap fekk 17 røyster og vart vedteke.
Felles framlegg frå H, Krf og Frp fekk 16 røyster.

Formannskapet si tilråding med felles framlegg frå V og Ap vart vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret vedtek å starte opp arbeid med eit interkommunalt planarbeid for kystsona saman med dei fem andre kommunane på ytre Søre Sunnmøre.

Kommunestyret sin politisk representant til å sitje i arbeids- og koordineringsgruppa frå kommunen vert vald:

Medlem: Svein Gjelseth
Varamedlem: Stig Arne H. Sævik

Rådmannen vel ein representant til å sitje i arbeids- og koordineringsgruppa frå administrasjonen.

PS 7/16 KOMMUNEREFORM 2016 - RETNINGSVÅL

Møtebehandling:

Det vart halde gruppemøte.

Ap v/Svein Gjelseth og V kom med felles framlegg om slik endring i 1. avsnitt:

«Herøy kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale både med Sande og Vanylven og med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune»

Det vart halde gruppemøte.

Det vart røysta over 1. avsnitt:
Fellesframlegget frå Ap/V fekk 15 røyster og fall mot 18 røyster, som røysta for formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Herøy kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale både med Sande åleine og med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune.

Dersom forhandlingane ikkje gir eit tilfredsstillande resultat for innbyggjarane i Herøy, er det eit reelt alternativ å stå aleine (0-alternativet).

Kommunestyret vedtek at innbyggjarane skal høyrast gjennom rådgjevande folkerøysting. Detaljar om folkerøystinga må avklarast i eiga sak i Kommunestyret.

PS 8/16 FOLKERØYSTING OM KOMMUNEREFORM

Møtebehandling:

FOLK/SP v/Kaja Runde kom med slikt framlegg:

«Folkerøystinga vedkomande kommunereforma, skal alle dei røystelokala/valkrinsar som elles vert nytta ved kommune- og stortingsval, takast i bruk»

Framlegget frå FOLK/SP fekk 16 røyster og fall mot 17 røyster, som røysta for formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret vedtek at røysteretten fyl vilkåra for røysterett ved fylkestingval og kommunestyreval (valgloven § 2-2,(1) og (2)). I tillegg har alle som fyl 16 år i løpet av valåret røysterett gitt at dei for øvrig oppfyller vilkåra.

Folkerøystinga er avgrensa til dei som bur innanfor kommunegrensa.

Skjeringsdato for manntal er 1.1.2016.

Det vert oppnemnd 4 røystekrinsar med vallokale på følgjande stadar:

- Møre barne- og ungdomskule
- Stokksund skule
- Einedalen skule
- Kulturhuset

Det vert opna for førehandsrøysting 6 veker før valet.

Klagerett vert sett til 1 veke etter valdagen til valstyret.

Valdagen vert sett til måndag 23.5.2016.

Valstyret tilleggast ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.

PS 9/16 EKSTRA BUSETTING AV FLYKTNINGAR I 2016 OG 2017

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyreiser spørsmål om habilitet då han er eigar av Christineborg som pr. i dag har funksjon som akuttmottak for asylsøkjjarar. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Settevaraordførar Ole Brubakk leia møtet under handsaminga. Arnulf Goksøyre vart kjend habil.

Det vart halde gruppemøte.

Ap v/Jens Terje Johnsen og V kom med slikt felles framlegg:

- «1. Herøy kommune vil ta imot inntil 40 flyktingar totalt i 2016 for busetting
2. Sidan det nettopp er etablert eit mottak for einslege mindreårige i kommunen, vil vi komme tilbake til IMDIs anmodning om å ta imot einslege mindreårige for busetting når vi får meir erfaring med konsekvensane av dette
3. Herøy kommune vil ikkje lenger avgrense seg til mottak av kvoteflyktingar, jfr vedtak i K-sak 66/15
4. Herøy kommune vil ta stilling til busetting av flyktingar for 2017 i 2. halvår 2016»

Fellesframlegget frå Ap/V fekk 14 røyster og fall mot 19 røyster, som røysta for formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Herøy kommune vil ikkje ta i mot ekstra flyktingar i 2016, utover vedtak i K-sak 66/15 om å auke mottak av flyktingar frå 10 til 20 i 2016. Dette gjeld både vaksne, familiar og einslege mindreårige.
2. Herøy kommune vil ta stilling til busetting av flyktingar for 2017 i 2. halvår 2016.

PS 10/16 GNR. 53 BNR. 1 EIGAR: GEIR OG MARIANNE TJERVÅG - ELVEFORBYGGING I TJØRVÅGELVA - VEDTAK DISTRIKTSDEL TIL NVE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Herøy kommunestyre godkjenner avtale med NVE «Kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred – plan for utbetring etter naturskade i Tjørvågelva.» Ordføraren får fullmakt til å underteikne avtalen.

2. Det vert løyv inn til 80.000 kroner eks.mva. til dekning av kommunal distriktsdel til NVE. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.
3. Eigar av anlegget, grunneigar(ar), vert gjort merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget inkludert utføring og dekking av kostnader til nødvendig ettersyn, drift og eventuell skjøtsel.

PS 11/16 REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALSVERK IKS - GODKJENNING

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr, Thor Sigmund Garvik, Per Kristian Furø og Mona Grethe Ryssevik reiser spørsmål om habilitet då dei er medlem i representantskapet i SSR. Dei gjekk frå under handsaming av habilitet.

Settevaraordførar Ole Brubakk leia møtet under handsaminga.

Arnulf Goksøyr, Thor Sigmund Garvik, Per Kristian Furø og Mona Grethe Ryssevik vart kjende habile.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Herøy kommunestyre vedtek å godkjenne revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

PS 12/16 VAL AV AVGIFTSMODELL FOR UTBYGGINGSAVTALAR VED BUSTADBYGGING - PRINSIPPVEDTAK

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiser spørsmål om habilitet då saka har sitt utspring frå ei konkret utbyggingsavtale på Vågsholmen der sonen er part.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend habil.

Ap v/Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 2, siste setning:

«Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbygger skal vere 20/80»

Ordførar Arnulf Goksøyr kom med framlegg om å revurdere habiliteten til Svein Gjelseth. Det nye framlegget frå Ap endra dette frå ei prinsipp sak til ei konkret utbyggings sak og Svein Gjelseth er i slekt med part i saka.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. § 40, FVL. § 6, 1. ledd, bokstav b.

Det vart røysta over framlegget frå Ap:
Framlegget frå Ap fekk 3 røyster og fall mot 30 røyster, som røysta for maritim og teknisk komite si tilråding.

Maritim og teknisk komite si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbygger. Utbygger skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.
2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbygger nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 30 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbygger skal vere 30/70.

PS 13/16 BULYSTPROSJEKTET. SLUTTRAPPORT.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret viser til sluttrapporten for Bulystprosjektet og ber om at dei gode tiltaka for integrering av arbeidsinnvandrarar og andre tilflyttarar vert fylgde opp og vidareutvikla innanfor dei ulike tenestekområda.

PS 14/16 VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR. FORSLAG OM ENDRINGAR.

Møtebehandling:

KO-sak 4/16 vart delt ut i møtet.

Komite for oppvekst si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret godkjenner vedtekter for kommunale barnehagar med dei endringar

som rådmannen foreslår: (alle endringar har «nytt punkt» eller «rådmannen foreslår å stryke punktet» skrive føre endringsteksta) Endringsforslaga finn ein i §§ 6 f, 7 a, d, 8 a, b, d, 10 b, e, 11d, 14, 15, 16 og 17

PS 15/16 ORIENTERING OM TILSYN ETTER BARNEHAGELOVA I PRIVATE BARNEHAGAR

Møtebehandling:

KO-sak 5/16 vart delt ut i møtet.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy reiser spørsmål om habilitet då ho er medeigar i to barnehagar som har hatt tilsyn.

Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav a

Komite for oppvekst si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Orientering om tilsyn i private barnehagar vert teken til vitande.

PS 16/16 VAL TIL FORSTANDARSKAPET I SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE 2015-2019

Møtebehandling:

VN-sak 5/16 vart delt ut i møtet.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Som medlem og varamedlem til forstandarskapet i Sparebank 1 Søre Sunnmøre vert valde:

Medlem: Olaug Andreassen

Varamedlem: Bjarne Kvalsvik

**PS 17/16 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 2015-2019**

Møtebehandling:

VN-sak 4/16

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Som leiar og nestleiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019 vert valde:

Leiar: Sølvi Voldsund Myrhol

Nestleiar: Karly Ingunn Teige

MØTET SLUTT!